



El relato de Agostino

Agostinos historie

 LIDA Italia

 Billie Cejka Risnes

 Ibsen Hernández

 5

 Español / nynorsk



Me llamo Agostino y tengo 51 años de edad. Trabajo repartiendo comida en bicicleta. Tengo dos hijas, pero casi nunca hablamos. Su madre y yo ya no vivimos juntos porque nos divorciamos.

...

Eg heiter Agostino og eg er 51 år. Jobben min er å levere mat på sykkel. Eg har to døtrer, men vi snakkar nesten ikkje saman. Mora deira og eg bur ikkje lenger saman fordi vi er skilde.



Vivo con mi madre porque no tengo dinero para pagar el alquiler después del divorcio. El alquiler es muy costoso en esta ciudad.

...

Eg bur med mora mi sidan eg ikkje kan betale husleiga etter skilsmissa. Husleiga er veldig dyr i denne byen.



Hace un par de meses estaba trabajando como conserje para una compañía. Reparaba cosas que se dañaban, cargaba cajas y ayudaba cuando alguien lo necesitaba. Un día me despidieron de la compañía. No entendí el motivo.

...

For nokre månader sidan jobba eg som vaktmeister for eit firma. Eg reparerte ting som var øydelagt, bar esker og hjelpte til når nokon trong det. Ein dag fekk eg sparken frå firmaet. Eg skjønnte ikkje kvifor.



Vi a mucha gente repartiendo comida en bicicleta. Yo sé montar en bicicleta, así que llamé a la puerta de una gran empresa de reparto. Me ofrecieron tres euros por cada entrega. Gano 40 euros al día, 60 euros si tengo mucha suerte y los clientes me dan propina.

...

Eg såg mange personar som leverte mat på sykkel. Eg kan òg sykle, så eg banka på døra til eit stort bodfirma. Dei tilbydde meg tre euro for kvar levering. Eg tener 40€ om dagen, 60€ viss eg er veldig heldig og kundane gir meg tips.



No tengo vacaciones pagadas, ni subsidio por enfermedad, apenas tengo derechos. No creo que eso sea correcto, pero necesito el trabajo. La mayoría de los demás empleados son inmigrantes de todo el mundo.

...

Eg får ingen betalt ferie, ingen sjukepengar, nesten ingen rettar i det heile. Eg trur ikkje det skal vere sånn, men eg treng ein jobb. Dei fleste andre tilsette er innvandrarar som kjem frå heile verda.



Muchos repartidores sufren accidentes todos los días. Cuando un repartidor de 25 años murió atropellado por un automóvil, las autoridades empezaron a fijarse en nosotros. Es una pena que tuviera que morir antes de que eso ocurriera.

...

Mange sykkelbod blir skadde i ulykker dagleg. Så, då eit 25 år gammalt sykkelbod vart påkøyrd av ein bil og døydde, byrja myndigheitene å legge merke til oss. Det er synd at nokon måtte døy for at det skulle skje.



Junto con repartidores de otras empresas, hice un curso sobre los derechos de los trabajadores con un sindicato local. Nos ofrecieron asesoramiento jurídico gratuito. Luchamos por obtener más reconocimiento y derechos.

...

Saman med sykkelbod frå andre firma tok eg eit kurs om rettane til arbeidstakarar hjå ei lokal fagforeining. Dei tilbydde oss gratis juridisk rådgiving. Vi kjempa for å få meir anerkjenning og rettar.



Después de mucho tiempo, todo nuestro arduo trabajo dio sus frutos. Una gran empresa de reparto tuvo que pagar una multa enorme y dar empleo fijo a los trabajadores. Era la primera vez que ocurría en todo el mundo. Parece que las cosas empiezan a mejorar.

...

Etter ei lang stund fekk det harde arbeidet vårt resultat. Eit stort bodfirma måtte betale ei stor bot og tilsette arbeidarar i faste stillingar. Det var første gong det skjedde nokon stad i verda. Det ser ut til at ting byrjar å bli betre.



LIDA Stories


lidastories.net

El relato de Agostino

Agostinos historie

 LIDA Italia

 Billie Cejka Risnes

 Ibsen Hernández (es), Espen Stranger-Johannessen (nn)

